

ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2012



Jon Skjelten på toppen av den gamle gravhaugen der det tidlegare skal ha stått ein bautastein. Ute til venstre **Terje Misund** med forsterkar og høgtalar.

BYGDEVANDRING VESTRE 10. JUNI 2012.

Historielagt si bygdevandring sommaren 2012 gjekk føre seg på Vestre den 10.juni. Det var skya opphaldsver utan den høgaste sommartemperaturen, men fint for ei vandring i det kuperte terrenget. Eigargar og bebuarar på dei ulike bruka losa oss gjennom ei løype som starta ved ein gravhaug nede på den eldste dyrkamarka, der Jon Skjelten fortalde om Jakobgarden. I Rasmusgarden var det Jostein Vestre som tok for seg historia om dette bruket. Vi heldt fram langs den gamle vegen til Vaksvika, forbi bautaen over dei som deltok i krigen 1807-14, fram til dei to bruene over Vestreelva. Her var det Thorbjørn Fylling som var kjentmann. Deretter returnerte vi ned til Knutskiftet og utover langs riksvegen. No var det Olav Rune Vestre som fortalde historia (og historier) om dei bruka vi passerte. Vandringa enda ute på bruket Sollund, der Arne Jan Sollied var godt kjent. Då hadde vi hatt tre trivelege timar med mykje interessante og lærerike opplysningar.

POSTVEGEN - TVERRELVA

No er det igjen trygt å krysse Tverrelva når ein går Postvegen mellom Gjære og Stortrøna. Det er Ålesund og omland Friluftsråd som har stått for konstruksjon og bygging av brua, og ho har blitt verkeleg flott! Friluftsrådet skal ha all ære og takk for gjennomføringa av dette prosjektet. Vi reknar med at endå fleire no vil nytte denne delen av Postvegen.



Den nye trebrua er på plass! Her er brua sett frå nord i lav haustsol.



Nytt håp for øvste Tverrelvbrua!

På "Den Trondhjemske Postvei" gjennom Landedalen er det ei bru over Tverrelva. Denne brua har lenge stått på skade, og forfallet vert meir og meir synleg for kvart år. Det har lenge vore eit ynskje om å få restaurert brua, men til det trengst det både pengar og dugande fagfolk som kan steinmuringskunsten. No ser det ut til at begge deler skal løyse seg. Tysdag 3.juli 2012 møttest representantar for Ørskog Historielag, Ålesund og omland Friluftsråd og Statens vegvesen til synfaring på brua. Statens vegvesen har Postvegen på si liste over verneverdige objekt, og dei kan også stille med ein gjeng godt vaksne karar (den eldste 79 år!) som er drevne steinmurarar. Ein slupp pengar har dei også å legge i potten, og resten har ein von om å skaffe frå andre kjelder. Historielaget og Friluftsrådet har teke på seg å stå for den praktiske gjennomføringa av prosjektet, så alt er i gode hender. Som eit strakstiltak er det meininga å lage ei trebru oppå den gamle, slik at folk kan ferdast trygt på veggen. Då kan det også bli aktuelt å arrangere ein utvida postvegmarsj frå Amdamsfjóra til Stortrøna. Kanskje seinare heilt til Bythaugen?



ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2012

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

§1 i laget sine lover lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved:

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfa*
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde i Paktarhuset 6. mars 2012. 19 personar var til stades.

Årsmøtet mintest Svein Stene med eitt minutt stille. Han døydde brått 22. januar 2012.

Årsmeldinga for 2011 og rekneskapen for 2011 vart godkjende utan merknader.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda.

Valnemnd var: Tore Gjære, Einar Landmark og Egil Vestre.

Årsmøtet drøfta Paktarhuset si framtid. Styret skal arbeide vidare med denne saka.

Arbeidsoppgåver for år 2012 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for år 2013 vart auka frå 220 kr til 250 kr.

Etter vala på årsmøtet og seinare konstituering, har styret vore samansett slik:

Styret:

- | | |
|----------------------------|--------------|
| - Åse Karin Gjære | leiar |
| - Petter Sjøholt | nestleiar |
| - Ragnar Bakken | skrivar |
| - Ann Kristin Haddal Amdam | kasserar |
| - Jarle Erstad | styremedlem |
| - Brynje Vethe | 1.varamedlem |
| - Egil Vestre | 2.varamedlem |
| - Eldbjørg Braute | 3.varamedlem |

Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Steinar Leganger.
- Skriftnemnd: 6 medlemmer – leiar Grethe Leikny Gjerde.
- Aktivitets/museumsnemnd: 4 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Husstyre: 4 medlemmer + 2 medlemmer frå Husflidslaget - leiar Arve Ørskog.

I 2001 vart det vedteke retningslinjer for arbeidet i dei fire nemndene ovanfor.

- Fotoregrering: 4 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø.
- Kalenderkomite for 2013: 4 medlemmer – leiar Ståle Vestre.
- Nemnd for Postvegen: 4 medlemmer – leiar Jan Lande.
- Revisorar: Oddhild Frøysedal og Trude Fimland Sjøholt.
- Valnemnd for 2012: Einar Landmark (leiar) – Karen Simonnes Aanes - Egil Vestre.

Styret har i meldingsåret hatt fem (5) møte:

28. mars – 29. mai - 20. august – 28. november - 22. januar. Styret har handsama 32 protokollerte saker. Medlemstalet i 2012: 210 inkl. tre verksemder – jf. årsskriftet for 2012.

Dette er ein netto auke på åtte frå 2011.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 16. april 2012 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne. Seks personar var til stades på møtet.

Frå styreprotokollen tek vi med i stikkords form dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåvene.
- ✓ Konstituering av styret.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking – eigen stand 2. juni 2012.
- ✓ Kveldseta – oppsett av tema – fordeling av oppgåver - gjennomføring.
- ✓ Paktarhuset – drøftingar etter diskusjonen og vedtaket på årsmøtet.
- ✓ Søknad til Storfjordens venner – vedk. løe på Langskipsøya. Svarbrev frå SV.
- ✓ Bygdevandring – Vestre 10. juni 2012.
- ✓ Medlemsverving. Ein liten netto vekst (+8) i 2012.
- ✓ Kasserarfunksjonen – avtale med Økonomiservice om føring av rekneskap.
- ✓ Opprusting av Postvegen – tilskot – framdrift m.m.
- ✓ Postvegmarsjen 2012 - 9. sept. Førearbeid – gjennomføring.
- ✓ Møte med husstyret vedk. oppgåver knytta til Paktarhuset.
- ✓ Husflidlaget – flyttar ut av Paktarhuset – vi takkar for samarbeidet!
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank (5.000) og Ørskog kommune (3.000). Jf. rekneskap 2012.
- ✓ Sikring av malmgruvane. Ove Eide m/hjelparar har vore sentrale i arbeidet.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Malmbanevogna er funnen?
- ✓ Framtida til Paktarhuset. Eiga sak på årsmøtet i mars 2013. Jf. tilkomst for funksjonshemma.
- ✓ Ørskogkalenderen – framtid!
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ Kolvingsbru over Svartløkkelva – førebuande vurderingar.
- ✓ Gamle Tverrelvbrua – restaurering? Jf. bilete og notat frå heimesida.
- ✓ Arkivering av protokollar m.m. - avtale om samarbeid med kommunen om rom i Rådhuset?
- ✓ Førebuing av årsmøtet 2013.

Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemnder og utval – der vi tek med:

- ✓ Årsskriftet for 2012 og 2013.
- ✓ Fotoregreringsarbeidet – avskrift kyrkjebøkene.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Møte med Fylkeskommunen m.fl. Tilskot. Dugnad.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Framdriftsplan renovering etc. Tilskotsmidlar – bruk – frist.

Ørskog Historielag saman med Ørskog Rotary har sidan 1995 årleg gjeve ut **Ørskogkalenderen** – med biletmotiv frå Ørskog. Mange av bileta har vore av eldre dato.

Frå 2001: Laga har hatt ansvaret for utgjevinga annakvart år. Ørskog historielag for 2002.

Kalenderen for 2013 har Ørskog historielag hatt ansvaret for.

Ørskog Sparebank har kvart år kjøpt ein stor del av opplaget til utdeling til husstandar i Ørskog.

Vi har fått melding om at Ørskog sparebank tek «pause» i samarbeidet og vil gje ut eigen kalender for 2014. Biletmotiva vil vere naturbilete frå Ørskog.

Frå vår side kan vi vere stolte av det arbeidet som er gjort heilt sidan 1995.

Kveldsete/bygdevandringar: Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsete vore avvikla med desse **6 temaene:**

10. april 2012: Glimt frå fotoarkivet. Ole Øystein Nybø og Tore Gjære.

10. juni 2012: Bygdevandring på Vestre – Jon Skjelten – Jostein Vestre – Thorbjørn Fylling
- Olav Rune Vestre – Arne Jan Sollied. 40 personar.

4. september 2012: Namn i Ørskog. Namnenemnda. 14 personar.

2. oktober 2012: Henrik Ibsen på Sunnmøre. Einar Landmark. 20 personar.

6. november 2012: Slektsgransking – muligheter og kilder. Terje Misund – 16 personar.

19. februar 2013: Kampen for stemmerett for kvinner. Aud Farstad. 16 personar.

Det er så langt planlagt kveldsete 2. april 2013. Bygdevandring i mai/juni 2013.

For hausten 2013 er tema for kveldseta ikkje fastlagde.

Samla oversyn over alle kveldsseta sidan 1998 finn vi på laget si heimeside:

www.orskog.historielag.org

Husstyret – frå arbeidet til husstyret tek vi med – oppsett av sekretær:

- ✓ Medlemmer: **Arve Ørskog** (leiar) - Olav Jan Bårdsgjære – Gunnar Tenfjord – Magnhild Schmidiger + 2 medlemmer valde frå Husflidslaget.
- ✓ Husflidslaget har no flytta ut – til Steinholt.
- ✓ Reingjering og anna forefallande arbeid innandørs.
- ✓ Stell av uteområdet.
- ✓ Arbeidet med tilkomst for rørslehemma har stoppa opp. Styret har såleis reist debatten rundt framtida for Paktarhuset i regi av Historielaget – jf. også årsmøtet 2012.
- ✓ Laget har ikkje kome vidare med utføring av dei vedlikehaldsarbeida det er gjeve klarsignal for – jf. også tilskot til desse oppgåvene. Planar er utarbeidde og det er sett frist til 1. mars 2013 for bruken av tildelte midlar.
- ✓ Paktarhuset har også dette året vore litt nytta til møte og samkomer.
- ✓ Eigen rapport frå nemnda ligg ikkje føre.

Skriftnemnda – frå arbeidet i nemnda tek vi med:

- ✓ Medlemmer:

Grethe Leikny Gjerde (leiar) - Bjørn Steinar Skarbø – Øyvinn Danielsen – Jorunn Giskemo
– Reidun Klock Tjervåg – Einar Landmark.

- ✓ Eigen rapport frå nemnda ligg ikkje føre.
- ✓ Nemnda har gjennom året arbeidd med årsskrift for 2012.

Møte er haldne – og styret har vore orientert om framdrift m.m.

Skriftet kom i år i god tid før jul – honnør til nemnda! Det vart distribuert til alle medlemmer, annonsørar og lagt ut for salg lokalt. Hatlehols Trykkeri vart nytta – boka har stive permar.

Årsskrift 2012, bok/hefte nr. 22, kom ut med 138 sider mellom stive permar der forsida er pryda med bilete frå butikken til Nils og Sofie Stene, og baksida med årets kulturprisvinnar, Sigmund Braute. Vi finn også eit vakkert bilete frå Leikong kyrkje som vart flytta frå Ørskog i 1872. Det er god variasjon i tema, og ei bok laget kan vere stolt av.

Innhaldslista ser slik ut:

Forord.

Olaus Abelseth si forteljing om Titanic-forliset i 1912, *Einar Landmark*.

Korleis det kom kyrkje på Leikong. *Arnljot Grimstad*. Innleiing ved *Reidun Klock Tjervåg*.

Ho Gerda og 17. mai. *Reidun Klock Tjervåg*.

Vassverkutbygging i Ørskog. *Odd Saure*.

Skal vegen gå gjennom Sjøholt eller Solnørdalen. *Ole Øystein Nybø*.

Stenebuda på Sjøholt 1940 - 1970. *Randi Stene Tomak*

Fyrste jentene i Guttemusikken. *Torill Klock Sandnes*.
200-årsjubileet for «Syndmøre Practiske Landhusholdningsselskap». *Rolv Amdam*.
Fyrste traktorane i Ørskog. *Kolbjørn Gjære*.
Makanisering i Pettergarden på Viset. *Pål Viset*.
Vegen mellom Vaksvik og Dyrkorn. *Bjørn Steinar Skarbø*.
Eit par gode historier. *Reidun Klock Tjervåg*.
Perler frå fotoarkivet. *Ole Øystein Nybø*.
Viktige hendingar i Ørskog 2012. *Bjørn Steinar Skarbø og Bygdebladet*.
Årsmelding for Ørskog historielag 2011. *Ragnar Bakken*.
Minneord om Svein Stene. *Kjell Opsal. Bygdebladet*.
Medlemmer i Ørskog Historielag 2012.
Annonser.

Presseomtale av årsskriftet har vi fått fleire av – m.a. frå Sunnmørsposten og Bygdebladet.
Vi er glade for at årsskriftet vert lagt merke til og godt motteke mellom laget sine medlemmer og andre som kvart år sikrar seg eit eksemplar. Mykje god og verdfull Ørskogsoge er samla i dei 22 årsskrifta som laget så langt har gjeve ut.

Teknisk utval – arbeidet i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Steinar Leganger** (leiar) – Ola Gausnes – Jan Petter Aasen – Svein Barlindhaug – Arnfinn Hanestadhaugen.
Vi har ikkje motteke rapport frå nemnda.
- Prioriterte oppgåver for nemnda har vore – jf. fellesmøte:
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart – demonstrasjonar for skule/barnehage m.fl.
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehalds- og ryddearbeid – i samarbeid med Ørskog energi.
- ✓ Lokomobilen – vedlikehald – oppstart – demonstrasjonar – skap i Hanshuset.

Aktivitets – og museumsnemnda – arbeid i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) – Leidulf Reite – Kåre Myren – Karin Årdal

Årsrapport frå nemnda:

Aktivitet i 2012:

- ✓ Vi har hatt 2 møte.
- ✓ Vi hjalp til med laget sin stand under Ørskogdagane 2. juni.
- ✓ Vi var med å arrangere Postvegmarsjen 9. sept.
- ✓ Vi har handsama gåver til laget. Spesielt må nemnast maskinane og utstyret frå Ole Lid sin skomakarverkstad.
- ✓ Det internett-baserte systemet for registrering og lesing av opplysninger om lags-samlingane er under utvikling. Slik det ser ut no, er det grunn til å tru at systemet kan takast i bruk i 2013.

UTVALET FOR GRUVESIKRING:

Først: Utvalet vart oppretta av Einar Landmark på årsmøtet i laget, 7. mars 2011, og har siste året hatt desse medlemmene **Tore Gjære, Petter Sjøholt og Ove Eide**. Sistnemnde har fungert som leiar. Formålet var særleg å få sikra den farlege gruvesjakta i Lid-feltet, og elles gjere ei vurdering av sikkerheit og tilgjengelegheit for dette gruveområdet, der Historielaget allereie hadde gjort ein god del arbeid.

Årsrapport for gruvesikring – Ove Eide skriv:

Aktivitet i 2012:

- ✓ Sikringsarbeidet vart fullført og utvalet har dermed avslutta si oppgåve.
- Av aktiviteter kan nemnast:
- ✓ Fleire dugnadsøkter med steinmuring, rydding, grøfting m.m.
 - ✓ I løpet av mai produserte og monterte Jan-Co Mek eit solid gjerde framføre sjakta, og ei trapp opp til langstollen, samt diverse utstyr for seinare undersøkjinger m.m.

- ✓ Sikringsarbeidet vart ferdig til gruveblues-konserten 29. mai, der vi også heldt ei kort historisk orientering, etter oppfordring frå bluesklubben.
- ✓ Sjå elles eigen artikkel i årsskrift 2013 om sikringsarbeidet.
- ✓ Eit relatert tema: På slutten av året fekk vi vite at den ”legendariske” malmvogna som skal ha gått på sjøen på 1800-talet, truleg var funnen. Eit utval i laget jobbar no med den saka.

Vi rettar ei stor takk til dei som har stått føre dette viktige arbeidet.

Fotoregistreringsgruppa:

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog. **Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa også siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

Fotoregistrering 2012 – notat frå Ole Øystein Nybø:

Vi har i meldingsåret registrert og lagt ut vel 200 nye bilete i samarbeid med FylkesFOTOarkivet i Ålesund. Desse er lagt ut på nettstaden <http://www.fylkesfoto.no> saman med dei andre vi har der frå før. Vi er dermed oppe i knappe 1000, både gamle og ikkje fullt så gamle, bilete frå Ørskog eller som på ein eller anna måte har med Ørskog å gjere. Dette er bilete som vi har fått låne av velvillige eigarar i bygda. Vi har i tillegg samla inn og fått avfotografert tre seriar med nye bilete, om lag 140 til saman. Desse arbeider vi for tida med å skaffe tekst til.

Digitaliseringa av kyrkjebøkene – notat frå Ole Øystein Nybø:

Gruppa som les korrektur av dei avskrivne bøkene er i full gang. Den eldste frå 1720 til 1743 er dei ferdig med. Den er no retta for dei feil og manglar som dei har oppdaga, og er innsendt til Digitalarkivet. Vi venter på at den vil verte lagt ut på deira nettstad om ikkje altfor lenge. Gruppa er no i godt gjenge med den neste boka, den frå 1743 til 1773, og vi antek at den vil verte ferdig på vårparten. Då er det snart berre to bøker att å korrekturlese, men sidan dette er eit omfattande og krevjande arbeid så vil det nok gå endå ei tid før også desse er klare.

Ole Øystein Nybø er primus motor i dette arbeidet. Fleire medhjelparar tek del i korrekturlesinga! Vi kan nytte oss av arbeidet ved å gå inn på nettstaden til Digitalarkivet <http://www.digitalarkivet.no>

Postvegen – eiga nemnd: Jan Lande (leiar), Elling Ødegård, Kristian Tøsse og Rolf Hatlen.

ÅRSMELDING FOR POSTVEGNEMNDA 2012 v/leiar Jan A. Lande:

I 2012 har det vore to dugnader med rydding av skog på Postvegen ved Myrløken. Datoar: 26. mai og 9. juni. Desse var med: Tore Gjære, Harald Heggem, Kristian Tøsse og Jan A. Lande.

Tore Gjære stilte med traktor og hengar. Stor takk til han og dei andre for flott innsats.

3. juli var det synfaring sv steinbrua over Tverrelva – etter ønskje frå Storflor i Vegvesenet.

Deltakarar var: Geir Haugli og Gunnar Tenfjord frå Friluftsrådet, Storflor frå Vegvesenet, Åse Karin Gjære, Tore P. Gjære og Jan A. Lande frå Historielaget. Vegvesenet har sett av 160.000 kr til bygging av ei trebru over Tverrelva og seinare istandsetjing av steinbrua. Gunnar Tenfjord og Karsten Os saman med Geir Haugli frå Friluftsrådet bygde trebrua i juli. Resultatet er fagleg og vakkert utført. Takk til dei.

Når det gjeld vidare opprusting av Postvegen frå Myrløken til Haugsætervegen, vonar vi på oppstart fyrste halvår i 2013. Her må det haldast nok ei synfaring – etter krav frå Fylkeskonservatoren.

Postvegmarsjen vart arrangert for 9. gong 9. september 2012. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag – jf. eigen omtale.

Nettsider Ørskog Historielag: Laget har i fleire år hatt egne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære (innhald) og Øyvind L.Gjære (utforming) for flott arbeid. Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: www.orskog.historielag.org
Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

Olav Oksvik - stiftinga: Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 har det kome fart i arbeidet og gjenstandar og dokument er henta og mellombels lagra i kommunen sitt arkiv. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet skal starte med det første. Seminar er under planlegging. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Kommunen har løyvd 30.000 til stiftinga. Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Karin Årdal, Hilde Sjørdal og Mons-Olav Walgermo. Frå kommunen er valde: Arild Aanes (ny leiar frå 2012) og Karl Johan Vaksvik.

Ørskogkalenderen:

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen.

Ørskog Historielag hadde i 2012 ansvaret for kalenderen for 2013.

Alle husstandar har fått kalenderen – utsendt av Ørskog Sparebank.

Komande kalender – for 2014 – vil Ørskog sparebank stå for – jf. omtale lenger framme.

Rekneskap for året 2012: Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet.

Framover: Styret tek sikte på - snarast etter årsmøtet 5. mars 2013 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2013.

Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje grunnlaget for komande årsplan.

Viktige prosjekt for vidare arbeid og prioritering vil m.a. vere – til drøfting på årsmøtet – vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene – for så hardt arbeid:

- ✓ **Paktarhuset** – drift og vedlikehald. Her står mykje arbeid framføre. **Må prioriterast!**
- ✓ **Framtida for huset må gjennomdrøftast** – jf. nei til planane om tilkomst for rørslehemma.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Viktig å kome vidare!
- ✓ Restaurering av løa på Langskipsøya. Samarbeid med Storfjordens Venner!
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart - demonstrasjonar?
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid – årleg rydding – samarbeid med Ørskog Energi.
- ✓ Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobilten. Vedlikehald. Oppstart. Demonstrasjonar - på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Årsskrift nr 23 – for år 2013. Innhald og arbeid.
- ✓ Ørskogkalender - ikkje aktuelt for vårt lag i 2013.
- ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkivering o.a.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kyrkjebøkene – framhaldande arbeid med digitaliseringa.
- ✓ Tilskipingar – kulturminnedagane 8. - 15. sept. 2013 med tema:»Historiens kvinner og menn» - deltaking – fellesskap – handling.
- ✓ Postvegen – vidare arbeid i Landedalen/Ørskogfjellet. Postvegmarsjen for 10. gong.
- ✓ Øvste Tverrelvbrua – Starte og kome vidare med restaureingsarbeidet.
- ✓ Kveldsete med om lag 6 arrangement pr år – viktig å halde på denne tradisjonen.
- ✓ Bygdevandringar – behovet/interessa for slike er klart til stades. Vi har å ta av!
- ✓ Småbedrifter i Ørskog – registreringsarbeid.
- ✓ Landingsvøren på Amdam – gjere noko? Ikkje noko så langt!
- ✓ Kvelvingsbrua over Svartløkelva.

- ✓ Deltaking/markeringar på Ørskogdagane.
- ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.

SJØHOLT HOTELL FOR 80 ÅR SIDAN – 1933.



Kronprinsparet fotografert på verandaen på Sjøholt Hotell då dei vitja bygda i 1933. Fotograf: Ukjend.

Ørskog kyrkje 140 år i 2013



Kyrkja og kyrkjegarden 1900 – 1910.

Fotograf: Jannik Borre, Photogr. Anstalt, Eutin (Tyskland)



Ørskog Historielag 2012– med fokus på:

- ✓ Ørskog Historielag med eit nytt og flott årsskrift – nr 22!
- ✓ Paktarhuset – kva med framtida!?
- ✓ Godt arbeid i utval og nemnder!
- ✓ Postvegen – det går framover!
- ✓ Postvegmarsjen er godt innarbeidd - 10 års jubileum i 2013!
- ✓ Vellukka bygdevandring på Vestre.
- ✓ Fine og godt besøkte kveldsete.
- ✓ Sikring av gruvene i Liafjellet er ordna!

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2012.

Vi tek også i år med eit gamalt ord som vi finn på laget si internettside:

”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

For styret i Ørskog Historielag år 2012.

Ragnar Bakken – skriivar –

årsmelding ØH 2012



Sentrumsbilde frå Sjøholt 1905-1908. Huset til Bakar Pedersen (på høgresida) hadde ein periode redusert høgde med skråtak i inste enden. Grunnen til dette veit vi ikkje; kanskje

hadde det ein gong vorte utsett for ein skade. Seinare vart det bygt oppatt til full høgd slik det opphavleg hadde vore. Til venstre ser vi Flindtbuda, Flindthuset og "julegrana".

Fotograf: Ole Egge

GODT 100 ÅR TILBAKE I TID!



Sjøholt 1905-1910, med fisketørking på Måsøyrane.

(Sjøholt ligg nok ikkje i "Norangdalen")

Fotograf: Oppi Eigar: Ørskog Historielag



Fotograf:

Datering: 1910 - 1912

Motiv: Flindtbuda og litt av Hotellet

Utgivar postkort : O.J.Lindset
Eigar: Ole Øystein Nybø



Arbeidslaget som sette opp murane til "Klokkhuset" på Sjøholtstranda (1900-1903). Frå v. Andreas Tanemsflaten, NN, Tomas Sjøholt, Laurits Sjøholt, Simon Lande, NN og Hans Lande. Fotograf: Ukjend

POSTVOREN PÅ AMDAM



Det var høg flo då Postvegmarsjen starta i 2011. Postvøren på Amdam var nesten overflødd. Då han vart bygd i 1831, sto han nok fram i ein betre skikkelse, og sikra ei trygg ilandstiging for postkarlen.